



Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 26.01.2016  
Vår ref.: 2015/7164-17  
Saksbehandlar: hanvie  
Dykkar ref.:

## Fråsegn til høyring av reguleringsplan, Mangerøy industriområde - Kjebogen. Radøy kommune

Vi viser til brev datert 18.11.2015 om høyring av forslag til detaljregulering for Mangerøy industriområde, Kjebogen, gnr . 45, brn. 10, Radøy kommune. Hovudføremålet i planen er industri. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan er sett av til næring. Kommunen har vurdert at planen utløysar krav om konsekvensutgreiling.

Høyringsfristen til planen var sett til 01.01.2016. Ved ein feil vart det ikkje sendt ut fråsegn frå Hordaland fylkeskommune til høyringsfristen. Vi beklagar dette og ber kommunen om å ha omsyn til fråsegna som no ligg føre.

Hordaland fylkeskommune har vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga med planprogram i brev av 03.07.2015

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettssidene våre: [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

### Vurdering

#### Areal og transport

Samordna areal og transport skal sikre Hordaland eit effektivt og funksjonelt utbyggingsmønster. Ved utbygging av næringsareal er det viktig at arbeidsplassintensive verksemder som hovudregel lokaliseras i senter og nær kollektivknutepunkt. Planen opnar opp for industri med tilhøyrande lager og kontor utan avgrensing for kor mykje kontorarbeidsplassar som kan etablerast. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert sett eit tal på kor mykje kontorarbeidsplassar som kan etablerast i området.

#### Landskap, arkitektur og estetikk

Planområdet ligg i strandsona langs Mangerfjorden. Området er eit viktig utfartsområde og har regionale friluftsverdiar. Planområdet ligg også innanfor det regionale landskapsområde Hellosen. I planen som ligg føre vert det opna opp for industribygg med store volum og høgder. Utbygga har store fjernverknader og vil vere svært synlig i landskapet. Det er sett krav om god materialbruk og terrengrunning av tiltaka. Det er viktig at desse føresagnene vert vidareført i det vidare arbeidet.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styringsmakt for kulturminne. Vi har per i dag ikkje kjennskap til automatisk freda eller andre verneverdig kulturminne i innanfor planområdet. Vi vurderer òg potensiale for funn av nye automatisk freda kulturminne som lite. Vi har difor ingen avgjerande merknader i

saka, utover at ein under opparbeiding av arealet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, ruinar/tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert. Då planen har areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. I e-post datert 31.08.2015 varsla Sjøfartsmuseet krav om marinarkeologisk registrering, og den 16.09.2015 gjennomførte Bergens Sjøfartsmuseum marinarkeologiske undersøkingar innanfor planområdet. Konklusjonen frå desse er at det ikkje vart gjort funn som vert omfatta av kulturminnelova § 14.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader til planen når det gjeld kulturminne.

## Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld areal og transport og landskap. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Eva Katrine R. Taule  
kst. plansjef

Hanne Kathrin Vie  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Monika Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga